

Behov for lab-fasilitetar ved Måløy vidaregåande skule

Høgskulen på Vestlandet , i samarbeid med Fagskulen i Sogn og Fjordane, jobbar aktivt for å skape gode lab-fasilitetar for våre studentar, i miljø der næring er. På Hellenes sitt verft i Førde er ein slik avtale gjort, og her vil det bli bygd ut topp moderne lab-fasilitetar inn mot ulike fagområde (Campus Førde Verftet).

Samstundes som det blir utvikla lab-fasilitetar ved Campus Førde Verftet, legg Høgskulen og Fagskulen vekt på å samarbeide med lab-miljø andre stader i fylket. Det er innleia eit samarbeid med SITEP i Årdal (Senter for innovasjon, teknologi og prosess) og FVC (Fjordane virtuelle Campus) på Eid. Begge desse miljøa utviklar lab-fasilitetar i tett kontakt med næring. Det er og etablert samarbeid opp mot Måløy Vidaregåande skule og Måløy Marine Ressurscenter, rundt lab-fasilitetar i akvakultur. Planen er at ein på alle desse stadane skal bygge opp strukturar som gjer at dei kan ta i mot studentar i kortare eller lengre periodar. Dette er typisk studentar som arbeider med sitt hovudoppgåve-, bachelor- eller masterprosjekt. På den måten får vi studentane ut der næring er, og plassert dei i attraktive kompetansemiljø.

Høgskulen på Vestlandet håpar det blir bygd ut gode lab-fasilitetar innan akvakultur ved Måløy vidaregåande skule, som vår studentar kan nytte seg av.

Skal vi lukkast med å rekruttere nok studentar til dei ulike teknologiutdanningane vi har i Sogn og Fjordane, er det å tilby topp moderne fasilitetar avgjerande. Våre studentar må få møte det siste og beste av utstyr. Dette motiverer dei under utdanning, og gjev dei eit fortrinn som nyutdanna.


Øyvind Østrem

-studiekoordinator/prosjektleder- HVL